

## MØTEBOK

| Kommune | Styre, råd, utval | Møtestad      | Møtedato | Frå kl. 19.30<br>Til kl. 21.30 |
|---------|-------------------|---------------|----------|--------------------------------|
| Aurland | fjellstyret       | Fjordsenteret | 8.2.21   |                                |

### TIL STADES PÅ MØTET

**Medlemar** Sigurd Vikesland, Erling Nesbø, May Britt Martinsen, Tor Olav Kvam.

**Vara-  
medlemar** Bjørn Ebne (for Leif Turlid).

**Andre** Knut Fredrik Øi, Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

### HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

1/21, 2/21, 3/21, 4/21, 5/21, 6/21

### UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

### UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemane og -varamedlemane, Aurland folkebibliotek.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.2.21

Stad: Fjordsenteret

### Sak 1/21. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker låg føre:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 1.12.20
- 2) 1.12.20: Søknad fra fjellstyra i Nordfjella om vidareføring av kompensasjon etter saneringa av reinen i sone 1 sendt grunneigarfondet via fjellstypesambandet. Svar med avslag frå Statskog SF datert 14.12.20.
- 3) 15.12.20: SNO v/Kristoffer U. Hansen: Turnus for vaktordning langs FV 50 for vintersesongen 2020
- 4) 5.1.21: Fasttelefonabonnementet på fjellstyrekontoret utskift med mobilt bedriftsnett, ny mobiltelefon kjøpt inn til kontoret. Fjellstyret sitt hovudnummer er det same som før; 57633566.
- 5) 5.1.21: Søknad om tiltaksmidlar til våling av vegmur i Nordheimdalen er send frå fjellstyret til Nærøyfjorden verneområdestyre.
- 6) 18.1.21: Høyringsuttale om sti og løypeplan for Aurland send frå Aurland fjellstyre til Aurland kommune.
- 7) 22.1.21: Søknad frå fjellstyret til Statskog SF om ny plassering av ny bru i Nordheimsdalen. Svar frå Statskog SF datert 25.1.
- 8) 29.1.21: Søknad frå fjellstyret til grunneigarfondet om tilskot til ny bru i Nordheimsdalen.
- 9) Januar-februar -21: Følgjande tenestekjøpsavtalar er inngådde mellom fjellstyret og Miljødirektoratet (SNO): 1) Rovvilkontakt 2) Oppsyn med motorferdsle i utmark og 3) Tilsyn med rein langs fv 50 og i sone 2.
- 10) Det vart informert om at det i landbrukskontoret ÅLA sin verksemndplan for 2021 ligg inne plan om tenestekjøp til regionalt CWD-arbeid innan viltforvalting, som vil koma i tillegg til den avtalen fjellstyret har i dag om kommunalt viltforvaltingsarbeid.

---

Aurland, den 10.2.21

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og  
-varamedlemene,  
Aurland folkebibliotek

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.2.21

Stad: Fjordsenteret

### Sak 2/21. Fjellstyrerekneskapen for 2020

Årsrekneskapen for 2020 låg føre, saman med saksutgreiing.

#### **Samrøystes vedtak:**

Fjellstyrerekneskapen for 2020 vert godkjend. Årsunderskotet på kr 178.734 vert dekt av eigenkapitalen.

### Sak 3/21. Fjellstyret si årsmelding for 2020

Framlegg til årsmelding låg føre.

#### **Handsaming i fjellstyret:**

Fjellstyret vil ha med i årsmeldinga omtale om 100-årsjubileet til fjellstyra, og korleis dette vart markert. Ein feil i tabellen for felt hjort i Nordheimsdalen må rettast.

#### **Samrøystes vedtak:**

Fjellstyret vil ha med i årsmeldinga omtale om 100-årsjubileet til fjellstyra, og korleis dette vart markert. Ein feil i tabellen for felt hjort i Nordheimsdalen må rettast.

Med desse endringane vert årsmeldinga godkjend.

### Sak 4/21. Høyring: Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske på statsallmenning

Saksutgreiing med utkastet til nye forskrifter låg føre.

#### **Samrøystes vedteken uttale:**

Fjellstyret støttar i hovudsak uttaleframlegget frå Norges fjellstypesamband, som er dekkande og god. Fjellstyret har likevel nokre punkt som me ynskjer å kommentera:

##### § 6, Korttyper for fiske

- Døgnkort. Kortet skal være gyldig i 24 timer.

Kommentar: Dette er uproblematisk for døgnkort som er selde via nettet eller SMS. For kort som vert selde manuelt er det nok mindre vanleg å føra på klokkeslett. Då vert praksis at to datoar vert førde på kortet (t.d. 20.-21/7), og det vert i realiteten eit todagarskort til prisen for eit døgnkort. Ok for fiskaren, men litt mindre inntekt for fjellstyret.

---

Aurland, den 10.2.21

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og  
-varamedlemene,  
Aurland folkebibliotek

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.2.21

Stad: Fjordsenteret

*Sak 4/21, framhald:*

### § 9, Elg og hjort

Kommentar: Miljødirektoratet skriv «.. fjellstyrene bør samarbeide om en felles søknadsfrist for å gjøre søknadsprosessen oversiktlig og rettferdig.» Fjellstyresambandet meiner at «bør» må erstattast med «skal,» og at fjellstyra sine tilbod skal lysast ut samla. Der er fjellstyret meir samd med direktoratet si formulering. I nokre høve vil det vera lite tenleg å lata utlysing av eit jaktfelt skje sentralt p.g.a. at jaktterrenget kan vera ekstremt krevjande og avsides og krev god lokalkunnskap av dei som skal jakta, og det vert ein stor informasjonsjobb når det kjem inn ukjende jaktag frå andre landsdelar. Så her bør det vera rom for lokale tilpassingar, særleg når det er snakk om 1-2 jaktfelt som vert leigde ut på fleirårsavtalar etter søknad. Me har t.d. hatt jaktag som har søkt om å få sleppa å koma att neste år. Utlysing av jakttilboden på eiga heimeside bør framleis vera tilstrekkeleg.

### §§ 15, 16 og 17 Prisrammer

Kommentar: Prisrammene i forslaget er truleg tilstrekkelege for Aurland fjellstyre si prisjustering på jakt- og fiskekort dei nærmeste åra. Fjellstyret støttar likevel fullt ut fjellstyresambandet sine vurderingar som går på at framleis struping av løyvingane til fjellstyra i statsbudsjettet ikkje går i hop med prisrammer på jakt og fiske som avgrensar inntektsmoglegheitene til fjellstyra.

### § 20, Rapportering

Kommentar: Dette er ein ny paragraf, som fjellstyra har etterlyst lenge. Tidlegare har ein ikkje hatt heimel i lov eller forskrift for å nekta tildeling påfølgjande år grunna manglande rapportering. No kjem denne heimelen på plass.

Sak 5/21. Møteplan 1. halvår 2021

#### **Samråystes vedtak:**

Møteplanen for fjellstyret for 1. halvår vert slik (med etterhald om at det er saker nok til å halda møte):

- Tysdag 16. mars
- Tysdag 13. april
- Tysdag 18. mai
- Tysdag 8. juni

---

Aurland, den 10.2.21

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og  
-varamedlemene,  
Aurland folkebibliotek

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.2.21

Stad: Fjordsenteret

### Sak 6/21. Søknad om fellingsløyve til jaktkarusell

Det låg føre felles søknad frå Aurland skyttarlag, Stålring skyttarlag og Aurland jakt- og fiskelag om eit fellingsløyve for fritt dyr til jaktkarusellen.

#### **Handsaming i møtet:**

Fjellstyret vil stilla med eit fellingsløyve, men vil bestemma kva slag når ein kjenner fellingskvoten og fordelinga av denne.

#### **Samrøystes vedtak:**

Fjellstyret gjev eit fellingsløyve for rein til trekning mellom dei som deltek i jaktkarusellen, men vil bestemma kva slag når ein kjenner fellingskvoten og fordelinga av denne.

---

Aurland, den 10.2.21

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og  
-varamedlemene,  
Aurland folkebibliotek